

Prosess:

BYGD FOR FRAMTIDA

Ragna Indrevåg

Masteroppgåve i arkitektur

Fakultet for arkitektur og design

NTNU vår 2020

Vegleiar: Markus Schwai



INNHALD:

DEI NYE FORSTADANE	4
STADEN	6
SCENARIO	8
KONSEPT	18
VATN	22
VEGSYSTEMET	24
PÅ SJØEN	28
MØTE MED SJØEN	30
LANGS ELVA	38
LUNDAL ULLVAREFABRIKK som nye skule	44
SKOGEN som leikeplass	46
MØTE MED VATNET	48
EKSISTERANDE SKULE	50
VED BUSSTASJONEN	54
I MAUSABAKKANE	58
SKOGEN som bustad	62
Å bu mellom EKSISTERANDE BUSETNAD	66

DEI NYE FORSTADANE

Bygda har blitt forstad, og vi har mange slike stader i Noreg. Eg trur det er viktig å sjå på dei på ein annan måte enn byane. Men kva er dei? Det er eit interessant tema eg vil arbeide med i masteren min, og eg trur mange av tankane er overførbare til mange liknande stadar.



STADEN

Eg kjenner staden godt, men mange stadar eg aldri har vore likevel. Mange stadar er det unaturleg å gå, og det kjenst som ein ikkje burde vere der. Ein oppheld seg mest langs hovudvegen, og det er også den minst hyggelege plassen. Det finns mange stadar med stort potensial som treng å bli tatt nytte av.



SCENARIO: forstaden

- Fortsette utviklinga som skjer i dag
- Einebustadutbygging, spredt busetnad
- Bilen som framkomstmiddel
- Arbeide i Ålesund
- Svak identitet, liknar mange andre stadar



SCENARIO: landsbyen

- Samla, lita befolkning
- Tettare busetnad
- Samla rundt ei "gågate" langs elva
- Møtestadar langs gata



SCENARIO: økolandsbyen

- Utnytte eksisterende jorder til jordbruk
- Gruppevis tettare busetnad
- Utnyttelse av ressursane
- Ulike nabolag samarbeider om arbeidet
- Naiv romantisering av bygda?
Ikkje for alle?



SCENARIO: tilbake til bygda

- Få menneske som bur spreidd
- Jordbruk er primærnæring
- Usannsynleg, tilbake til gamle dagar



SCENARIO: bygdebyen


- Tydeleg sentrum
- Danne nye møtestader og samlande aktivitetar
- Bruke gamle fabrikklokaler på ny måte
- Felles uteområder i forbindelse med bygningane




KONSEPT

Under utarbeidinga av dei ulike scenarioa dukke det opp ulike idèar eg hadde lyst til å ta med vidare. Eg kom fram til to ulike konsept eg kunne arbeide vidare med.

Tur langs elva og sjøen




Sentrumsområde innanfor eksisterande viktige punkt



VATN

Eg valte å arbdeide vidare med å løfte fram elva, og gjere den til samlingspunkt. Eg fann viktige punkt langs elva som eg ønska å jobbe med.



VEGSYSTEMET

Eksisterande vegsystem er kronglete, og det er mange kryss. Ved hjelp av det gamle vegsystemet kom eg fram til eit nytt vegsystem.





Eksisterande situasjon

- + Alt anna enn vågen er tilgjengeleg
- Mykje vegar, bilen i sentrum
- Barriere rundt vågen



- + Elva kryssar to færre vegar
- Vanskeleg å kome til elva, omringa av veg
- Dei fleste skal mot Ålesund, ikkje Sulesund




- + Ryddig gatenett
- Bilveg nær skulen
- Elva krysser like mange stadar



- + Elva krysser ein færre veg
- Knotete å køyre


PÅ SJØEN

Det er ei stor båthamn i Mauseidvågen, som òg er eit viktig kjennemerke for staden. Denne fortener ein fin plass og den fortener å bli brukt.






MØTE MED SJØEN

Ved sjøen er det ei fin tomt som mange har utsikt til. Den er dessverre fylt opp med utstyr og maskiner som står lagra. Delar er gjerda inne og sjøsida er den utilgjengelege baksida. Bilvegen og bensinstasjonen er framsida. Det beste her er den store båthamna Mauseidvågen er kjent for.






Inndeling av området

Eg hadde eit ønske om ein offentleg "plass" med sjøen. Det er mange eksisterande store volum på tomta. Desse kunne vore fine å bruke til offentlege funksjonar, men er kanskje mindre eigna til bustadar. Samtidig hadde det vore fint å få offentlege funksjonar med sjøkanten slik at dei finaste tomtene kan kome fellesskapet til gode. Då desse ligg litt lengre inn på tomta fører det til at offentlege funksjonar kjem lengre inn. Det trengs òg nok funksjonar til å fylle opp areala.



For mykje offentleg areal?



Bustadar inneklemt i sør
Rart å berre ha litt
bustadar der?


- privat
- offentleg
- sti og plass

Typologi

Eg arbeida lenge med å ta vare på bygningane som er der frå før, men sleit med å få dei til å passe inn. Eg valte å ta vare på nokre av dei, medan andre blei tatt bort. Eg arbeida òg med å skape gode busituasjonar, og å skape eit skille mellom offentlege og private områder.



Punkthus
- Mykje tomrom



Langsåande lamellar
- Mykje utsikt rett inn til naboen
- Skjermar ikkje frå vegen



Opne kvartal
+ Fleire får tilgang til "framsida"
- Ser veldig "by" ut, anna typologi enn det som er der frå før



- Dei beste tomtene med sjøen, kjedeleigare bak




Rekkehus som dannar fleire små rom



+ Typologi som passar betre inn med eksisterande
- Mykje utsikt i vegg
- Mykje plass til offentlege funksjonar

Utforming av området

Eg ønska å få inn litt offentleg areal, men samtidig ikkje for mykje då det òg skal vere funksjonar til å fylle areala. Eg ville samle dei offentleg areal, og ha ei offentleg sone langs sjøen. Samtidig skulle det vere fine tomter å bu på. Eg ville utnytte tomta, og få inn ein del folk, men at det skulle passe inn på staden. Eg endte opp med rekkehus som typologi, og lukka meir mot bilvegen for å skape ein avskjerma krok.



Oversetting av handteikning til datateikning. Mange spreidde offentlege volum. Rotete typologi. Mykje dårleg utsikt. Vertikaldelte to- og tremannsbustadar.

Plassen flyttast lengre sør og blir samtidig vendt meir mot sør. Offentlege funksjonar blir meir samla. Stripa mot bilvegen fjernast for å få ein meir avskjerma krok.

Vasspegel gjer det hyggelegare for dei som bur i bakkant av tomta. Båtar får oppbevaringsplass om vinteren.

LANGS ELVA

Det gamle sentrumet var plassert langs elva nær vågen. Her var det matbutikk, bedehus og busstasjon. I dag er det kontor og lager og ikkje mange som held til her. Elva ligg utilgjengeleg. Berre nokre få har tilgang til den, og det verkar som dei ser på den som baksida av tomte si.




Inndeling og typologi

Eg lurte på om stien langs elva skulle vere ei gate med mange ting som skjer eller om det heller skulle vere ei aude strekning langs elva. Vidare arbeida eg med korleis folk skulle bu og kva som passa best inn på staden.



Offentleg langs elva:
"Gågate"
Inngangar til næring frå elva
- Kanskje ikkje nok offentlege funksjonar til å fylle heile gata



Privat langs elva:
Rekreasjonsområde langs elva
Meir bustadar, mindre næring
+ Samling av offentlege funksjonar kan føre til meir liv der det er offentleg.



- Meir av det som er der frå før
 + Passar godt inn med eksisterande
 - Kanskje ikkje meir behov for slike bustadar
 - Ikkje den beste utnyttinga av tomta



- Horisontaldelt tomannsbustad
 + Terrasse med moglegheit for garasjer under. Mogleg å bruke garasjene til andre ting om ein ikkje treng bil.
 + Hage henvendt anna retning enn terrasse
 - Store bustadar som tar mykje plass. Trangt?
 - Innkøyring til garasja i sør gir bilkøyring på større område enn nødvendig




- Små hus satt saman, garasje framfor
 - Udefinerte uteområder, mykje daudplass
 - Hage vendt bort frå elva



- Rekkehus, felles områder mellom husrekkene langs elva
 + Forskyving av husa skapar meir private inngangsparti
 - Parkering?
 - Ny veg skaper spisse uteområder, unødvendig plassbruk?
 Enda opp med noko lignande, meir tilrettelagt for bil og med litt meir skjerming mellom dei ulike husa.


LUNDAL ULLVAREFABRIKK som ny skule

Bygningen har nokre kvalitetar og kjennemerker det er verdt å ta vare på. Det er mykje bygningsmasse, og den har vore viktig for aktiviteten her. Nesten alle arbeida ei stund på fabrikkken. Eg ønsker å bringe folket inn i bygningen, og lurte ei stund på om dette skulle bli sjølv sentrumet og at alle viktige funksjonar skulle samlast her, men syns òg at tomta med sjøen trengte ein bruk. Valte å legge skulen her og samle funksjonar rundt elva. Uteområdet treng ei oppgradering.




SKOGEN som leikeplass

Når det blir lagt gangveg langs elva kan skogen langs den utnyttast betre. Her kan ein til dømes lage leikeplass. Sidan det er mykje skog i nærleiken av skulen, tenkte eg dette var ein fin funksjon, og kan bidra til at den blir meir brukt.




MØTE MED VATNET


Når det blir gangveg langs elva er det naturleg å ha ein stoppestad der elva møter vatnet. Det er ein fin stad å sette seg ned, og det første møtet med ei ny utsikt etter å ha gått langs elva ei stund. Denne stoppestaden kan òg ha andre fordelar som tak, tilrettelegging for bading og skøytebruk. Det er imidlertid ein bade plass lengre borte, så ein eigen bade plass her såg eg ikkje som nødvendig.



EKSISTERANDE SKULE

Skulen, barnehagen og bedehuset ligg i dag samla, og er viktige møtestadar. Den eksisterande skulen er for liten, og med ei aukande befolkning blir den enda meir for liten. Både skulen og barnehagen er stort sett ein etasje, og eg tenker dei kunne eigna seg som nye leilegheiter sidane funksjonane blir flytta. Det same med bedehuset sjølv om det har ei litt anna oppbygging. Eg vurderte òg å utvide med fleire bustadar på skuleområdet.





Eksisterande situasjon. Bedehuset ligg vendt mot skulen og barnehagen.



Nye punkthus



Nye punkthus satt saman




Nye lamellar

Her endte eg med å ikkje gjere noko. Det er plass til fleire bygningar, men eg synest kvalitetane som er der i dag forsvinn ved å legge inn fleire bygningar. Her får dei heller eit fint, stort uteområde med mange moglegheiter.

VED BUSSTASJONEN

Busselskapet k yrde tidlegare rutebuss, men k yrer no berre turbuss. Mauseidv gen er midt p  Sula og plasseringa var praktisk, men er no ikkje like n dvendig. Likevel treng busstasjonen   vere ein plass, og det mest praktiske er   la den ligge der den ligg. Ved   flytte andre funksjonar til elva ligg den ikkje like sentralt plassert og blir mindre dominerande. Busstasjonen har i dag stor plass. Her kan noko av plassen brukast til bustadar.







Horisontaldelte tomannsbustadar med trapp ned til felles uteområde. Stort og uavgrensa.



Spreidde punkthus med store uavgrensa areal mellom bygningane.



Lang lamell. Eit stort uteområde. Passar ikkje særleg godt inn.




Fleire punkthus meir samla, og oppdelt i fleire ulike uteområder.

Eg prøvde først å få til felles uteområde som alle skulle ha god tilgang til, men kom til at det kanskje ikkje er det folk vil ha. Her endte eg opp med noko ganske annleis. Eg valte å bruke fjøstypologien som skapte fleire skjerma, private uterom og delte plassen meir opp.


I MAUSABAKKANE

I Mausabakkane har det tidlegare stått eit fjøs som no er rive. Nye bustadar er satt opp nedanfor, og det er plass til fleire bustadar, og naturleg å fortsette "rekka". Det er fin utsikt og kort veg til elva. Det står fleire fjøs lengre oppe i bakkane, som er sett saman av fleire hus og dannar fine uterom. Eg valde å bygge vidare på dette i utarbeidinga av typologien her.







Tomannsbustadar



Forsøk på å fylle ut tomte meir.



Sette saman fleire volum til ein heilheit




Teste ulike former og vinklar.

Først testa eg med standard tomannsbustadar, men kom til at dei likna litt for mykje på eksisterande busetnad. Eg ville tilføre nye bustadar som kan tilby noko anna enn det som allereie er her, men som passar godt inn på staden. Eg starta å eksperimentere med meir oppdelte volum som gardane, og prøvde å få dette til å "sitte" i situasjonen.

SKOGEN som bustad

Det mange peikar på som det beste med staden, er naturen. I arbeidet med å tilby ulike bustadar ville eg ta med meg tanken om å kome nærare på naturen, også i bustadane.





Eg testa ulike størrelsar og plasseringar i terrenget. Eg enda opp med å plassere relativt små, enkelthus i terrenget. Det ligg ikkje langt unna dei andre husa. Dei må ha tilgang til adkomst og sivilisasjon som dei andre, utan å gjere alt for store inngrep i naturen. Dette skal ikkje ta vekk naturopplevingar frå andre. Dei har inngangssituasjon på eine sida, og har utsikt mot skog på minst èi side av huset. Dei ligg plassert i terrenget, noko som fører til fin utsikt over staden den andre retninga. Her får ein litt av to verder.

Å bu mellom EKSISTERANDE BUSETNAD

Busetnaden er ikkje så tett, og det treng den heller ikkje å vere. Eg har likevel valt ut nokre områder eg ser på som tomrom og meiner har plass til fleire hus. Det er stadar som ikkje er så godt utnytta i dag, og det går ikkje på bekostning av andre sine hagar. Det handlar om å få fleire naboar og fleire folk utan å ta jordbruksareal.



